

Innkalling

Utval: Sula kontrollutval
Møtestad: Sula rådhus, møterom 4. etg
Dato: 02.04.2025
Tidspunkt: 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735.

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 07/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 08/25 Orienteringar
OS 01/25 Orientering om arbeidet med varslingsrutinar i Sula kommune.
PS 09/25 Meldingar og skriv
MS 03/25 Oppdatering frå revisor på forvaltningsrevisjon - bekjemping av fattigdom
MS 04/25 Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025
PS 10/25 Årsmelding Sula kontrollutval 2024

Ålesund, 26.03.2025

Trygve Holm
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/25	Sula kontrollutval	02.04.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sula kontrollutval - 12.02.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 08/25 Sula kontrollutval

Møtedato
02.04.2025

Orienteringar

Underliggende saker

01/25 Orientering om arbeidet med varslingsrutinar i Sula kommune.

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/25	Sula kontrollutval	02.04.2025

Orientering om arbeidet med varslingsrutinar i Sula kommune.

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa om varslingsrutinar til vitande.

Bakgrunn:

Kommuner og fylkeskommuner har plikt til å utarbeide rutiner for intern varsling, jf. arbeidsmiljøloven § 2 A-6. Rutinene skal utarbeides i tilknytning til virksomhetens systematiske helse, miljø- og sikkerhetsarbeid, jf. arbeidsmiljøloven § 3-1 og i samarbeid med arbeidstakerne og deres tillitsvalgte.

Sekretariatet har vore i kontakt med kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen og spurd om Sula kontrollutval kan få ei orientering kring arbeidet med varsling i kommunen. Hun har stadfesta at det vil bli gitt ei slik orientering på kontrollutvalet sitt møte onsdag 2. april 2025.

Kontrollutvalet si rolle er å sjå til at slike rutinar er på plass i kommunen.

For dei som ynskjer å gjere seg nærare kjent med varsling har KS laga eit hefte. Det finn du i lenken under:

<https://www.ks.no/contentassets/54850a795e1c47cb9abfe717ac5fb5ac/Varslingsveileder-2024-KS.pdf>

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 09/25	Sula kontrollutval	02.04.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

03/25	Oppdatering frå revisor på forvaltningsrevisjon - bekjemping av fattigdom
04/25	Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 03/25	Sula kontrollutval	02.04.2025

Oppdatering frå revisor på forvaltningsrevisjon - bekjemping av fattigdom Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Det er viktig at kontrollutvalet halder seg løpande orientert om arbeidet med forvaltningsrevisjonar på vegne av kommunestyre.

Vedlagt finn dykk ei slik oppdatering frå oppdragsansvarleg revisor Terje Gundersen-Røvik på forvaltningsrevisjonen - bekjemping av fattigdom.

Vedlegg

Undervegsrapportering frå MRR KU Sula kommune 2. april. 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 04/25	Sula kontrollutval	02.04.2025

Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025 Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sula kommune ved kontrollutvalet er medlem i Forum for kontroll og tilsyn. Vedlagt er nyhendebrevet for mars 2025.

Vedlegg

Nytt fra FKT mars 2025

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 10/25	Sula kontrollutval	02.04.2025

Årsmelding Sula kontrollutval 2024

Sekretariatet si innstilling:

Sula kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2024. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

Bakgrunnsinformasjon:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpandekontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørge for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunenhar i selskap. Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2024 og dermed kva utvalet har gjort for å oppfylle rolla si på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet si rolle er heimla i kommuneloven § 23.

Utkast til årsmelding ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og det er viktig at kontrollutvalet har eigarskap til meldinga.

Endeleg versjon vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

Vedlegg

Årsmelding Sula kontrollutval 2024